



Munketreppenes Vener v/Harald Alavoll

Dato: 29.05.2015
Vår ref.: 2014/24561-10
Saksbehandlar: solrong
Dykkar ref.:

Bevaringsprogrammet for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) 2015 - Hordaland fylkeskommune - Ullensvang herad - Prosjekt Munketreppene. Tildeling av tilskot 2015

Me viser til Dykkar søknad av 11.12.2014 og vårt mellombels svar av 17.12.2014 med stadfesting av motteken søknad. Det er Riksantikvaren som tildeler midlar gjennom BARK-ordninga.

Hordaland fylkeskommune har søkt Riksantikvaren om stønad til tiltak på vegne av kommunar og andre. Riksantikvaren gir tilskot til prosjekt Munketreppene på kr. **300.000,-** av midlar frå statsbudsjettet, kap. 1429 post 70 - BARK og BERG.

Tilskotet skal nyttast til tiltak for restaurering og skjøtsel av del av søre Nordmannsslepa, Munketreppene, i tråd med innsendt søknad av 11.12.2014. Me viser òg til punkt om skjøtelsplan og godkjenning av arbeid.

Tidsavgrensing.

Tilsegna er gitt for inneverande år, og kan overførast til neste år etter søknad. Tilsegna fell bort etter to år. Det må søkjast spesielt om overføring av tilskotet til neste år.

Arbeidsgjevaransvar

Søklar må sjølv stå som arbeidsgjevar for eventuell innleigd arbeidskraft. Rekningar skal adresserast til søklar, som må forskottera utbetalinga.

Skjøtelsplan og godkjenning av arbeid

For alle tiltak skal det liggja føre godkjent skjøtelsplan, eller vera skjøtelsplan under utarbeiding som del av prosjektet. Dersom det ikkje ligg føre godkjent skjøtelsplan må arbeidet vera godkjent av Hordaland fylkeskommune før oppstart. Fylkeskommunen avklarar kor vidt tiltak må godkjennast av Riksantikvaren.

Tilskotsreglementet

Med tilvising til Tilskotsreglementet § 10 gjer me merksam på at Hordaland fylkeskommune har høve til å føra kontroll med at tilskotet vert brukt etter føresetnadene.

Vilkår for utbetaling av tilskot, rapportering og rekneskap

Tilskotet kan utbetalast etter kvart som tiltaka er utført, og rapport og rekneskap saman med førespurnad om utbetaling er sendt fylkeskommunen. Fylkeskommunen vidare sender dette til Riksantikvaren. Mottakar må samstundes dokumentera at anna finansiering er i orden i høve til finansieringsplanen. Ved endringar i finansieringsplanen må fylkeskommunen varslast med ein gong.

Krav om utbetaling av tilskot, rapport og rekneskap må vera fylkeskommunen i hende seinast 15. oktober 2015. Det må søkjast om eventuell overføring av unytta tilskot innan same frist.

Det skal leverast sluttrapport og sluttrekneskap for prosjektet, med skildring og illustrasjon av utførte tiltak og resultat. Anna finansiering skal visast i rekneskapet. Me ber om at eit utval digitale foto frå utførte prosjekt føl rapporten.

Tilbakebetaling

Me tar atterhald om at tilskotet kan verte kravd betalt attende, heilt eller delvis, dersom det syner seg at mottakar har gjeve urette opplysningar. Dette gjeld òg dersom kostnadene syner seg å verte vesentleg lågare enn budsjettert i søknaden, eller dersom tiltaket ikkje vert gjennomført som føreset.

Retningslinjer frå Riksantikvaren

Me legg ved retningslinjene frå Riksantikvaren, men gjer merksam på at De i denne saka skal kontakta **Hordaland fylkeskommune og ikkje Riksantikvaren**. For utbetaling av tilskot er det ein føresetnad at vilkåra både i dette brevet og i vedlegget vert akseptert. Me ber om skriftleg tilbakemelding på aksept av vilkår for tilskot innan 4 veker frå dette brevet vert motteke.

Me legg ved skjemaet **aksept for vilkår av tilskot** som må returnerast kultur- og idrettsavdelinga. Vedtaket kan påklagast til fylkeskommunen, jf. forvaltningsloven § 28. Ei eventuell klage skal stilast til Hordaland fylkeskommune innan tre – 3 veker frå mottaking av dette brevet.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Solveig Lohne Rongved
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

- Retningslinjer og vilkår for tilskot frå Statsbudsjettet kap. 1429, post 70.
- Aksept for vilkår av tilskot

Kopi til:
Ullensvang herad